

Referat

frå fellesmøte mellom representantar for den lokale forvaltinga i

Dovrefjell- Sunndalsfjella nasjonalpark, Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Blåfjella – Skjækerfjella/Låarte -Skæhkere nasjonalpark og Forollhogna nasjonalpark

Tid: fredag 9. januar kl 10-14

Stad: Hotell Bondeheimen, Oslo

Møtedeltakarar: sjå vedlagde liste

Thor Jørgen Tjørhom, styreleiar i SVR, opna møtet og ynskte velkomen. Deretter presenterte møtedeltakarane seg. Thor Jørgen fungerte som møteleiar.

Den utsende møteinnkallinga vart gjennomgått og punkt 2 på saklista, drøfting av uttale og pressemelding, vart flytta til siste punkt på dagsorden.

1. Framtidig organisering

Tarjei Haugen innleidde om bakgrunnen for møtet og det utsendte notatet frå dei tilsette i forvaltingssekretariata.

Advokat Stein Erik Stinesen frå USS kommenterte notatet og kom med vurderingar av den aktuelle situasjonen og prosessen framover.

Viktige innspel under diskusjonen

- Innholdsmessig var dei ni punkta i notatet frå sekretæranne uproblematisk for møtedeltakarane - med det atterhald at forslaget ikkje er formelt handsama i dei eksisterande styre og rådsorgan.
- Det må leggast inn eit nytt punkt ti som seier noko om behovet for ressursar til tilrettelegging, skjøtsel og informasjon.
- Dei enkelte punkta må gjennomgåast med sikte på å gjere dei litt meir generelle. I notatet er enkelte av forslaga for detaljert utforma.
- Det må lagast ei kort innleiing (ein "ingress") til forslaget for å forklare bakgrunn og rammer.
- Det må presiserast at den lokale forvaltinga skal organiserast som eit interkommunalt samarbeid etter § 27 i Kommunelova.
- Det er viktig å trekke fram intensjonane om å "gi økt myndighet til kommuner i naturforvaltingen" og ynsket om å "gjenreise kommunal fagkompetanse innen natur- og miljøvern" i Soria Moria – erklæringa.

- Ein bør merke seg at fleire av områda som i den seinare tid er verna, har fått lokal forvalting. Det gjeld mellom anna Trillemarka, Smøla i og Skardfjella/Hyllingsdalen i Tydal og Røros kommune.

Konklusjon

1. Sekretariata omarbeider notatet i tråd med det som kom fram under møtet.
2. Forslaget vert styre-/rådshandsama i dei enkelte forsøksområda så fort som råd.

2. Forankring

Viktige innspel under diskusjonen

- USS og Fjellregionsamarbeidet har begge uttalt seg til fordel for lokal forvalting. Det er naturleg å jobbe tett mot desse, særleg sidan dei fleste av dei involverte kommunane også er medlemmer av USS.
- Fylkespolitikarane kan kome til å spele ein nøkkelrolle. Fylkestinget i Nord-Trøndelag og Oppland er mellom dei som har uttalt seg klart i saka. Det er svært viktig at liknande vedtak vert gjort i dei fylkeskommunane som har areal i verneområda.
- Forslaget om organisering av den lokale forvaltinga må drøftast grundig med mange samarbeidspartnarar. Ei regional forståing for forslaget er avgjerande for å lykkast.
- Sentrale regionale aktørar er Fylkesmennene (både miljø og landbruk), Villreinnemnda, lokalt SNO, lokallaga til DNT, grunneigarorganisasjonar/Statskog, ulike miljøorganisasjonar og jakt- og fiskelag.

Konklusjon

1. Det enkelte forsøksområdet må sjølv ta ansvaret for forankring av forslaget lokalt og regionalt i tråd med det som kom fram på møtet.
2. Dette arbeidet må starte straks.
3. Lokale vedtak om støtte til lokal forvalting må distribuerast til sekretariatet i alle forsøksområda.

3. Arbeid mot nasjonalt nivå

Viktige innspel under diskusjonen

- Styreleiarane og sekretærene i dei fire forsøksområda utgjør ei eiga arbeidsgruppe mot nasjonalt nivå.
- Arbeidet vert koordinert med USS.
- USS produserer ein PP –presentasjon om forslaget. Denne blir distribuert til alle forsøksområda slik at den kan brukast aktivt også i det regionale arbeidet.

- Så fort som råd vert det tatt kontakt med Miljøverndepartementet med sikte på å få avtale om eit møte. SVR i samarbeid med USS tar denne kontakta i første omgang.
- Ein ber og om eit møte med Energi- og miljøkomiteen og Næringskomiteen på Stortinget. SVR i samarbeid med USS tar denne kontakta i første omgang.
- USS vurderer mulegheita for å ha møte med miljø- og friluftsforskningsorganisasjonar på nasjonalt nivå.

4. Drøfting av forslag til uttale

Viktige innspel under diskusjonen

- Overskrifta bør omformulerast slik at det umiddelbart vekker interesse og tydeleggjer kva dette handlar om.
- Det må innarbeidast ei setning eller to som seier noko om bakgrunnen for saka.
- Vedtaket bør gå som ein uttale frå fellesmøtet og ikkje vere underskriva av den enkelte styreleiar.
- Uttalen vert korrigert av sekretariata og sendt ut til møtedeltakarane.
- Det enkelte sekretariat er ansvarleg for å distribuere uttalen til regional og lokal presse . Det er viktig med oppslag om saka lokalt!
- SVR distribuerer vedtaket til nasjonale presseorgan.

Oslo/Valle, 9. og 12. januar 2009

Tarjei Haugen, referent